

Statsstøtterettslege vurderingar

1. Innleiing

Det er gjort vurderingar opp mot EØS-regelverket for alle prosjekta som vi innstiller på å støtte. Det er innhenta vurderingar frå Advokatfirmaet Thommessen for brorparten av prosjekta. Det er gjort svært grundige vurderingar for saksførebuinga som ikkje er lagt ved denne saka. I dette notatet går vi kort gjennom konklusjonane. Vi har funne at vi kan støtte alle prosjekta ved å nytte unnatak i EØS-regelverket ([bagatellstøtte](#) eller [GBER; det alminnelege gruppeunntaket](#)).

Offentleg støtte på opp til 200 000 euro fordelt over ei treårs periode kan på visse vilkår tildelast som såkalla bagatellstøtte utan at det er nødvendig med førehandsgodkjenning av EFTA. GBER-støtte må etterinnmeldast til ESA.

For to søknadar, frå Kunnskapsparken Vestland og Osterøy vidaregåande skule har vi ikkje funne heimlar for å tildele heile summen det er søkt om. Grunnen er at heile eller deler av aktiviteten/kostnadane ikkje er omfatta av GBER, og bagatellstøttereglane set grenser for kor mykje dei kan ta i mot. Tilskota er difor redusert av den grunn. Reduksjonane er relativt små samanlikna med summane det er søkt om.

Vi har fortrinnsvis forsøkt å nytte GBER, for å ikkje bruke av «kontoen» som selskapa har til bagatellstøtte. Det er eit tak på kor mykje bagatellstøtte eit selskap kan få. Det er noko meir ressurskrevjande for fylkeskommunen å nytte GBER, men ofte betre for mottakar.

For nokre søknadar har vi ikkje kunne tildelt heile summen som det er økt om gjennom GBER, men heile summen kan tildelast som bagatellstøtte. Vi har sjekka at søkjar er innanfor grensene for bagatellstøtte. Det kan likevel tenkast at søkjar ikkje ynskjer å ta i mot bagatellstøtte dersom summen er stor og dei nærmar seg taket for bagatellstøtte. Då kan det tenkast at dei vil ta i mot ein noko mindre sum gjennom GBER, og at tilskotet må reduserast. Av tidsomsyn og for å ikkje føregripe sakshandsaminga har vi ikkje sjekka dette med søkjarane enno. Vi vil følgje opp gjennom å setje vilkår i tilskotsbrev og avklare spørsmålet i dialog med søkjar. Med tanke på tilskotssum har vi lagt til grunn heimelen som gir den største summen.

Av ressursomsyn har vi berre gjort vurderingar av dei søknadane som vert innstilt for tilskot. Dersom hovudutvalet ynskjer å støtte andre søknadar enn dei administrasjonen har tilrådd, bør det i vedtakspunkt bli tatt inn ei formulering om at tilskot blir gitt med atterhald om at tilskotet kan tildelast i tråd med EØS-regelverket. I etterkant av vedtak vil vi så gjere vurderingar før vi skriv eventuelt tilskotsbrev.

Der det blir konkludert med at tilskot blir omfatta av EØS-regelverket er det prosedyrereglar knytt til tildelinga. Det må mellom anna sendast ei melding til ESA på tilskota gitt under GBER (det alminnelege gruppeunntaket). Det kan vere ulike vilkår knytt til tilskota gitt under GBER, som fylkesdirektøren vil følgje opp i tilskotsbrev.

Dersom ein tildeler støtte etter GBER artikkel 27 er det ein del vilkår som må vere oppfylt for å få tilskot. Det er til dømes eit krav om at det ikkje kan bli gitt klyngestøtte i over 10 år. Dette må sjekkast ut for ein del av søkjarane før det blir gitt endeleg tilskot.

2. Oversikt over heimlar for tildeling

Det er tilrådd å nytte følgjande unnatak:

- bagatellstøtte
- GBER artikkel 25 (Støtte til forsknings- og utviklingsprosjekt)
- GBER Artikkel 27 (Støtte til innovasjonsklynger)

Prosjektnamn	Søklar	Søknadssum	Tilrådd tilskot (maksimal sum)	Heimel
Kraftoverskot som grønt konkurransefortrinn for lokalt næringsliv i Sogn	Sogn Næring	kr 595 000	kr 595 000	Bagatellmessig støtte. Alternativt GBER artikkel 25 (d) som gir ein noko mindre sum.
Energisenter Florø	Aksello/Kinn kommune	kr 600 000	kr 600 000	Ikkje omfatta av EØS-avtalen
Next Wave - Maritime Leadership Program	Maritime Bergen	kr 750 000	kr 750 000	GBER artikkel 27
Forprosjekt - Sirkulære verdikjeder: økt bevissthet, oppsamling og verdiskaping med havplast	NOSCA	kr 395 000	kr 395 000	Bagatellstøtte, alternativt GBER artikkel 25 (2) som opnar for ein noko mindre sum
Grøn omstilling i byggebransjen	Kunnskapsparke n i Vestland	kr 1 680 000	kr 1 655 000	GBER artikkel 27, alternativt bagatellstøtte med ein lågare sum
Kompetansesenter for robotteknologi	Osterøy vidaregåande skule	kr 2 366 000	kr 2 144 560	Bagatellmessig støtte.
Vegkart for nullutslepps fartøy i havbruk	Maritime Cleantech	kr 977 500	kr 977 500	GBER artikkel 25 (d)
Identifisere flaskehalsar for sirkulærøkonomiske forretningsmodellar	Norges vel	kr 220 000	kr 150 000	GBER artikkel 25 (2), alternativt bagatellmessig
Sjømatnæringens Sirkulærøkonomi Program	The Seafood Innovation Cluster	kr 250 000	kr 250 000	Bagatellstøtte, eventuelt GBER artikkel 27
UngSunnhordland 2030 - korleis sikra grøn kompetanse til industrien i ein grøn region	Atheno	kr 450 000	kr 450 000	GBER artikkel 27, alternativt bagatellstøtte
Næringsrelevant høgare utdanning - utplassering av studentar	Måløy Vekst	kr 750 000	kr 750 000	Bagatellstøtte
Forprosjekt sirkulære Voss og omegn	Næringshagen på Voss	kr 485 000	kr 485 000	Bagatellstøtte, alternativt GBER artikkel 27
Digital håndbok for dekarbonisering	Maritime Bergen	kr 130 000	kr 130 000	GBER artikkel 27

Voss Biopark - ein industripark med bioteknologibedrifter i symbiose	CIMBIO	kr 639 588	kr 639 588	GBER artikkel 27, alternativt bagatellstøtte
Mulighetsstudie Høyanger Biogass	T.Frivik Taubanedrift	kr 1 450 000	kr 1 450 000	Bagatellstøtte, alternativt GBER artikkel 25
Lokalprodusert grøn ammoniakk til testføremål på Stord; fase 1	Sustainable Energy	kr 1 508 000	kr 1 230 000	GBER artikkel 25
Relevant kompetanse og kunnskap - Videreføring "off campus" tilbud i Nordhordland	Nordhordaland Næringslag	kr 110 000	kr 110 000	GBER artikkel 27
Pilotprosjekt Fase 2, Oppfølging RIGHT Mongstad-prosjektet	Alver kommune	kr 400 000	kr 400 000	Bagatellstøtte
Forprosjekt VilVite - VIS - utvikling av nye tilretteleggende tiltak for grønn næringsutvikling og innovasjon	Bergen Vitensenter AS	kr 196 300	kr 196 300	Bagatellstøtte, alternativt GBER 27
Destinasjon Grønt Vestland	Ocean Hyway Cluster/Hub for Ocean	kr 395 000	kr 395 000	GBER artikkel 27
"Grønn industriutvikling" - Kartlegging og næringsstrategi for økt industriell verdiskaping	Hardanger Industri	kr 1 100 000	kr 1 100 000	Bagatellstøtte, alternativt GBER artikkel 27

3. Kort vurdering av kvar søknad

Utfyllande vurderingar er utarbeida og arkivert, men følger ikkje med denne saka.

Kraftoverskot som grønt konkurransefortrinn for lokalt næringsliv i Sogn

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Søkjar kan ta i mot 595 000 kr. som bagatellstøtte, og 572 000 kr. gjennom GBER. **Vi legg i utgangspunktet opp til å tildele bagatellstøtte.**

Energisenter Florø

Det er vurdert at Kinn kommune ikkje driv økonomisk aktivitet i dette prosjektet, og eit tilskot vil ikkje vere omfatta av EØS-avtalen. Det er sjølvstøtt ein føresetnad at kommunen følgjer innkjøpsregelverket ved innleige av prosjektleiarressurs.

Next Wave - Maritime Leadership Program

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Maritime Bergen har ikkje høve til å ta i mot bagatellstøtte, men eit tilskot kjem inn under GBER artikkel 27 der dei kan ta i mot summen det er søkt om på 750 000 kr.

Forprosjekt - Sirkulære verdikjeder: økt bevissthet, oppsamling og verdiskaping med havplast

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er søkt om 395 000 kr. Det er høve til å tildele 350 000 kr. i medhald av GBER artikkel 25 (2), og høve til å tildele 395 000 kr. ved å nytte bagatellstøtte. Den tilrådde summen tek utgangspunkt i bagatellstøtte.

Grøn omstilling i byggebransjen

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Kunnskapsparken Vestland har søkt om

1 680 000 kr. Vi har ikkje funne heimlar for å tildele heile summen. Dei kan ta i mot 1 594 250 kr. som bagatellstøtte, og gjennom 1 655 000 kr. Gjennom GBER artikkel 27. Vi legg opp til å nytte GBER, og søkjar kan få eit tilskot som nesten samsvarar med summen det er søkt om.

Vi må sjekke vilkår knytt til GBER artikkel 27 om tidsavgrensing på klyngestøtte før det blir skrivi endeleg tilskotsbrev.

Kompetansesenter for robotteknologi

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen sjølv om det er ein vidaregåande skule som har søkt. Grunnen er at skulen i dette prosjektet driv økonomisk verksemd (sel tenester), og driv verksemd som er utanom vanleg myndigheitsutøving. Det er ikkje funne ein heimel for GBER-støtte, så summen må tildelast som bagatellmessig støtte. Summen som det er søkt om er 2 366 000 kr., men vi har berre høve til å tildele 2 144 560 kr.

Vegkart for nullutslepps fartøy i havbruk

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har høve til å tildele heile summen det er søkt om både gjennom GBER og bagatellstøtte, og eit tilskot vil difor bli gitt som GBER-støtte.

Vi må sjekke vilkår knytt til GBER artikkel 27 om tidsavgrensing på klyngestøtte før det blir skrivi endeleg tilskotsbrev.

Identifisere flaskehalser for sirkulærøkonomiske forretningsmodeller

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er søkt om 220 000 kr. Vi har høve til å tildele 200 000 kr. etter GBER artikkel 25 (2), og 220 000 kr. gjennom bagatellstøtte. Tilrådinga legg opp til å tildele 150 000 kr. til prosjektet, og det er då mogleg å nytte GBER.

Sjømatnæringens Sirkulærøkonomi Program

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Heile beløpet det er søkt om kan tildelast både som bagatellstøtte og GBER-støtte. Dersom vi nyttar GBER vil det redusere moglegheiten søkjar har til å få midlar frå andre seinare, og dei må skaffe meir privat finansiering. Vi vil dersom gå i ein dialog med dei for å bestemme heimel dersom det blir tildelt støtte.

UngSunnhordland 2030 - korleis sikra grøn kompetanse til industrien i ein grøn region

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har høve til å tildele heile summen det er søkt om både gjennom GBER og bagatellstøtte, og eit tilskot vil difor bli gitt som GBER-støtte.

Vi må sjekke vilkår knytt til GBER artikkel 27 om tidsavgrensing på klyngestøtte før det blir skrivi endeleg tilskotsbrev.

Næringsrelevant høgare utdanning - utplassering av studentar

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har ikkje funne ein heimel for å tildele GBER-støtte, men søkjar kan ta i mot heile summen som bagatellstøtte.

Forprosjekt sirkulære Voss og omegn

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har høve til å tildele heile summen det er søkt om gjennom o bagatellstøtte, summen som kan tildelast gjennom GBER er noko lågare (446 500 kr.).

Digital håndbok for dekarbonisering

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er ikkje heimel for å tildele bagatellstøtte, men søkjar kan få heile summen etter GBER artikkel 27.

Vi må sjekke vilkår knytt til GBER artikkel 27 om tidsavgrensing på klyngestøtte før det blir skrivi endeleg tilskotsbrev.

Voss Biopark - ein industripark med bioteknologibedrifter i symbiose

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har høve til å tildele heile summen det er søkt om både gjennom GBER og bagatellstøtte, og eit tilskot vil difor bli gitt som GBER-støtte.

Mulighetsstudie Høyanger Biogass

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er søkt om 1 450 000 kr. Det er heimel for

å tildele inntil 1 350 000 kr. som GBER-støtte, men det er heimel for å tildele heile summen som bagatellstøtte og det blir difor lagt opp til å tildele summen som bagatellstøtte.

Lokalprodusert grøn ammoniakk til testføremål på Stord; fase 1

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er ikkje høve til å tildele heile summen som bagatellstøtte, men vi kan tildele heile den tilrådde summen som GBER artikkel 25.

Relevant kompetanse og kunnskap - Videreføring "off campus" tilbud i Nordhordland

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har høve til å tildele heile summen det er søkt om både gjennom GBER og bagatellstøtte, og eit tilskot vil difor bli gitt som GBER-støtte etter artikkel 27.

Pilotprosjekt Fase 2. Oppfølging RIGHT Mongstad-prosjektet

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen sjølv om det er ein kommune som har søkt. Grunnen er at kommunen i dette prosjektet driv økonomisk verksemd, og driv verksemd som er utanom vanleg myndigheitsutøving. Det er ikkje funne ein heimel for GBER-støtte, så summen må tildelast som bagatellmessig støtte.

Forprosjekt ViLVite - VIS - utvikling av nye tilretteleggende tiltak for grønn næringsutvikling og innovasjon

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er kun høve til å støtte etter GBER med 166 300 kr., men heile summen som det er søkt om kan tildelast som bagatellmessig støtte.

Destinasjon Grønt Vestland

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Vi har høve til å tildele heile summen det er søkt om både gjennom GBER og bagatellstøtte, og eit tilskot vil difor bli gitt som GBER-støtte etter artikkel 27.

"Grønn industriutvikling" - Kartlegging og næringsstrategi for økt industriell verdiskaping

Prosjektet er vurdert til å vere omfatta av EØS-avtalen. Det er søkt om 1 100 000 kr. Vi har høve til å tildele 1 062 500 kr. gjennom GBER-ordninga, men heile summen det er søkt om som bagatellmessig støtte. Vi har difor lagt opp til å tildele bagatellmessig støtte.